



MØTEPROTOKOLL

Kontrollutvalet

Dato: 28.11.11 **Kl.:** 10.00 – 13.20 **Stad:** Møterom på Bømlo sjukeheim
Saknr.: 37/11 – 46/11

MØTELEIAR

Sonja Hellen Sele (H)

DESSE MØTTE

Georg Lønning (FrP)

Kåre Habbestad (SP)

Terje Olav Nesse (V)

Dagmar Meling (SP) møtte i staden for John-Kåre Torkelsen (KrF)

FORFALL

Svanhild Vespestad (Ap) og Dagmar Meling (SP) møtte i staden

John-Kåre Torkelsen (KrF), ingen andre kunne møte i staden

DESSUTAN MØTTE

Partnar Else Holst-Larsen, Deloitte AS

Forvaltningsrevisor Tone Mari Dahle, Deloitte AS

Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet v/Roald Breistein

Sakliste:

Saknr.	Sak
37/11	Godkjenning av innkalling og sakliste
38/11	Godkjenning av protokoll frå møte 06.10.11
	Presentasjonar
39/11	Handbok for kontrollutvalet
40/11	Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve Bømlo kommune
41/11	Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 – 2016
42/11	Plan for selskapskontroll for perioden 2012 – 2016
43/11	Orienteringssaker
44/11	Meldingar
45/11	Gjennomgang av møteprotokollar
	Ymse

37/11 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

HANDSAMING I MØTET

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

VEDTAK

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend.

38/11 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 06.10.11

HANDSAMING I MØTET

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 06.10.11.

VEDTAK

Protokollen frå møte 06.10.11 vart samrøystes godkjend.

39/11 HANDBOK FOR KONTROLLUTVALET

FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tar ”Handbok for kontrollutvalet” til orientering.

HANDSAMING I MØTET

Terje Nesse ønskjer å ha handboka på papir til neste møte.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

VEDTAK

1. Terje Nesse ønskjer å ha handboka på papir til neste møte.
2. Kontrollutvalet tar ”Handbok for kontrollutvalet” til orientering.

40/11 VURDERING AV OM DELOITTE AS ER UAVHENGIG I HØVE BØMLO KOMMUNE

FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå ansvarleg revisor Else Holst-Larsen, vedr. om Deloitte er uavhengig i høve Bømlo kommune, til etterretning.

HANDSAMING I MØTET

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå ansvarleg revisor Else Holst-Larsen, vedr. om Deloitte er uavhengig i høve Bømlo kommune, til etterretning.

41/11 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON FOR PERIODEN 2012 - 2016

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet ber Deloitte utarbeide forslag til overordna analyse av risiko- og vesentlighetsvurderingar i Bømlo kommune.
2. Basert på analysen ber kontrollutvalet også Deloitte utarbeide forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 – 2016.
3. På bakgrunn av dette ber kontrollutvalet Deloitte innan 15.1.12 lage eit forslag til prosjektplan som bl.a. inneheld korleis arbeidet skal gjennomførast, ressursbruk og forventna levering.

4. Forslag til prosjektplan skal leggjast fram for godkjenning i kontrollutvalet i første møte i 2012.
5. Kontrollutvalet føreset at prosessen vert lagt opp slik at forslag til plan for forvaltningsrevisjon kan leggjast fram for kommunestyret seinast før sumaren 2012.

HANDSAMING I MØTET

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

1. Kontrollutvalet ber Deloitte utarbeide forslag til overordna analyse av risiko- og vesentlighetsvurderingar i Bømlo kommune.
2. Basert på analysen ber kontrollutvalet også Deloitte utarbeide forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 – 2016.
3. På bakgrunn av dette ber kontrollutvalet Deloitte innan 15.1.12 lage eit forslag til prosjektplan som bl.a. inneheld korleis arbeidet skal gjennomførast, ressursbruk og forventa levering.
4. Forslag til prosjektplan skal leggjast fram for godkjenning i kontrollutvalet i første møte i 2012.
5. Kontrollutvalet føreset at prosessen vert lagt opp slik at forslag til plan for forvaltningsrevisjon kan leggjast fram for kommunestyret seinast før sumaren 2012.

42/11 PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL FOR PERIODEN 2012 - 2016

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet ber Deloitte utarbeide forslag til overordna analyse av risiko- og vesentlighetsvurderingar for selskapa i Bømlo kommune.
2. Basert på analysen ber kontrollutvalet også Deloitte utarbeide forslag til plan for selskapskontroll for perioden 2012 – 2016.
3. På bakgrunn av dette ber kontrollutvalet Deloitte, innan 15.1.12, lage eit forslag til prosjektplan som bl.a. inneheld korleis arbeidet skal gjennomførast, ressursbruk og forventa levering.
4. Forslag til prosjektplan skal leggjast fram for godkjenning i kontrollutvalet i første møte i 2012.
5. Kontrollutvalet føreset at prosessen vert lagt opp slik at forslag til plan for selskapskontroll kan leggjast fram for kommunestyret seinast før sumaren 2012.

HANDSAMING I MØTET

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

1. Kontrollutvalet ber Deloitte utarbeide forslag til overordna analyse av risiko- og vesentlighetsvurderingar for selskapa i Bømlo kommune.
2. Basert på analysen ber kontrollutvalet også Deloitte utarbeide forslag til plan for selskapskontroll for perioden 2012 – 2016.
3. På bakgrunn av dette ber kontrollutvalet Deloitte, innan 15.1.12, lage eit forslag til prosjektplan som bl.a. inneheld korleis arbeidet skal gjennomførast, ressursbruk og forventa levering.
4. Forslag til prosjektplan skal leggjast fram for godkjenning i kontrollutvalet i første møte i 2012.
5. Kontrollutvalet føreset at prosessen vert lagt opp slik at forslag til plan for selskapskontroll kan leggjast fram for kommunestyret seinast før sumaren 2012.

43/11 ORIENTERINGSSAKER

I dette møtet vil det verta orientert om følgjande saker innmeld frå sekretariat, revisjon og utvaldsmedlemmer:

Nr.	Orientering frå:	Orientering angående:
1	Deloitte AS	Status i høve forvaltningsrevisjon av Internkontroll i Bømlo kommune
2	Deloitte AS	Status i høve selskapskontroll av Bømlo kommunale Eigedomsselskap AS
3	Deloitte AS	Presentasjon av revisjonsplan for rekneskapsrevisjon 2011
4	Deloitte AS	Presentasjon av revisjonsmandatet
5	Deloitte AS	Presentasjon av interimsrevisjon 2011
6	Sekretariatet	Teieplikta for kontrollutvalet
7	Sekretariatet	Rutinar for innkalling til møte i kontrollutvalet
8	Sekretariatet	Første møte i 2012
9	Sekretariatet	Abonnement på Kommunerevisoren
10	Sekretariatet	Folkevaldopplæring for kontrollutvalet
11	Sekretariatet	Avtale om revisjon av Kyrkjeleg fellesråd
12	Sekretariatet	Ny kommuneplan for Bømlo kommune
13	Sekretariatet	FKT – konferanse 6. – 7.6.2012
14	Sekretariatet	NKRF – konferanse 1. – 2.2.2012
	Ymse	

FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

HANDSAMING I MØTET

Nr.	Orientering frå:	Orientering angående:
1	Deloitte AS	Status i høve forvaltningsrevisjon av Internkontroll i Bømlo kommune <ul style="list-style-type: none">• Tone Mari Dahle frå Deloitte presenterte status i høve forvaltningsrevisjon av Internkontroll i Bømlo kommune og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.
2	Deloitte AS	Status i høve selskapskontroll av Bømlo kommunale Eigedomsselskap AS <ul style="list-style-type: none">• Tona Mari Dahle frå Deloitte presenterte status i høve selskapskontroll av Bømlo kommunale Eigedomsselskap og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.
3	Deloitte AS	Presentasjon av revisjonsplan for rekneskapsrevisjon 2011 <ul style="list-style-type: none">• Else Holst-Larsen frå Deloitte presenterte revisjonsplan for rekneskapsrevisjon 2011 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.
4	Deloitte AS	Presentasjon av revisjonsmandatet <ul style="list-style-type: none">• Else Holst-Larsen frå Deloitte presenterte revisjonsmandatet og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

5	Deloitte AS	Presentasjon av interimsrevisjon 2011 <ul style="list-style-type: none"> • Else Holst-Larsen frå Deloitte presenterte resultatet av den gjennomførte interimsrevisjonen for 2011 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. • Interimsrevisjonsrapport vart lagt fram i møtet
6	Sekretariatet	Tieplikta for kontrollutvalet <ul style="list-style-type: none"> • Sekretariatet orienterte om forskrift om kontrollutvalg § 5, der bl.a. dette står: <i>"For kontrollutvalgets medlemmer og dets sekretariat gjelder forvaltningslovens alminnelige bestemmelser om taushetsplikt, jf. forvaltningsloven §13 mv."</i>
7	Sekretariatet	Rutinar for innkalling til møte i kontrollutvalet <ul style="list-style-type: none"> • Kontrollutvalet ønskjer at innkalling vert send berre på e-post frå det tidspunkt lesebrett er "oppe og går". Fram til da er det ønskjeleg å få innkalling både på papir og e-post
8	Sekretariatet	Første møte i 2012 <ul style="list-style-type: none"> • Første møte i 2012 i kontrollutvalet i Bømlo kommune skal haldast 14.02.12 kl. 10.00
9	Sekretariatet	Abonnement på Kommunerevisoren <ul style="list-style-type: none"> • Sekretariatet orienterte om at abonnement på Kommunerevisoren er teikna på alle i utvalet.
10	Sekretariatet	Folkevaldopplæring for kontrollutvalet <ul style="list-style-type: none"> • Sekretariatet orienterte om folkevaldopplæring for kontrollutvalet som skal haldast på Solstrand 23. – 24.1.2012
11	Sekretariatet	Avtale om revisjon av Kyrkjeleg fellestråd <ul style="list-style-type: none"> • Sekretariatet orienterte om status i høve avtale om revisjon av kyrkjeleg fellestråd i Bømlo kommune og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. • Sekretariatet vil følgje saka vidare opp.
12	Sekretariatet	Ny kommuneplan for Bømlo kommune <ul style="list-style-type: none"> • Kontrollutvalet ber om at rådmannen kjem i møte i utvalet for å presentere den nye kommuneplanen når den er ferdig vedteken
13	Sekretariatet	FKT – konferanse 6. – 7.6.2012 <ul style="list-style-type: none"> • Sekretariatet orienterte om FKT-konferanse som skal haldast i Trondheim 6. – 7.6.2012
14	Sekretariatet	NKRF – konferanse 1. – 2.2.2012 <ul style="list-style-type: none"> • Sekretariatet orienterte om NKRF-konferanse som skal haldast på Gardermoen 1. – 2.2.2012. Invitasjon vart delt ut i møtet • Dei som ønskjer å delta på konferansen tar dette opp direkte med leiar i kontrollutvalet.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

VEDTAK

[Orienteringssak nr. 7 : Rutinar for innkalling til møte i kontrollutvalet](#)

Kontrollutvalet ønskjer at innkalling vert send berre på e-post frå det tidspunkt lesebrett er "oppe og går". Fram til da er det ønskjeleg å få innkalling både på papir og e-post

[Orienteringssak nr.8: Første møte i 2012](#)

Første møte i 2012 i kontrollutvalet i Bømlo kommune skal haldast 14.02.12 kl. 10.00

[Orienteringssak nr.11: Avtale om revisjon av Kyrkjeleg fellestråd](#)

- Sekretariatet orienterte om status i høve avtale om revisjon av kyrkjeleg fellestråd i Bømlo kommune og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.
- Sekretariatet vil følgje saka vidare opp.

Orienteringssak nr. 12: Ny kommuneplan for Bømlo kommune

Kontrollutvalet ber om at rådmannen kjem i møte i utvalet for å presentere den nye kommuneplanen når den er ferdig vedteken

Orienteringssak nr. 14: NKRF – konferanse 1. – 2.2.2012

- Sekretariatet orienterte om NKRF-konferanse som skal heldast på Gardermoen 1. – 2.2.2012. Invitasjon vart delt ut i møtet
- Dei som ønskjer å delta på konferansen tar dette opp direkte med leiar i kontrollutvalet.

Informasjonen vart elles teke til orientering.

44/11 MELDINGAR

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
30	Sekretariatet	Særutskrift frå sak 34/11 i kontrollutvalet 6.10.12 til dei andre eigarkommunane i Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (SIM)
31	Bømlo kyrkjelege fellelsråd	Svar på spørsmål om kjøp av revisjonstenester dagsett 13.10.11
32	Sekretariatet	Førebels svar til Bømlo kyrkjelege fellelsråd dagsett 14.11.11
33	Kontrollutvalet 2007 - 2011	Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i valperioden 2007 - 2011

FORSLAG TIL VEDTAK

Meldingane vert tekne til orientering.

HANDSAMING I MØTET

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
30	Sekretariatet	Særutskrift frå sak 34/11 i kontrollutvalet 6.10.12 til dei andre eigarkommunane i Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (SIM) <ul style="list-style-type: none">• Særutskrift i sak 31/11 frå kontrollutvalet i Tysnes kommune 21.11.11 vart presentert i møtet og det vart på bakgrunn av denne vedteke å sette selskapskontroll av SIM opp som eige sak til slutt, jf. sak 46/11
33	Kontrollutvalet 2007 - 2011	Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i valperioden 2007 - 2011 <ul style="list-style-type: none">• Kontrollutvalet ber om å få halde ein presentasjon for kommunestyret før sumaren 2012 om kontrollutvalet og arbeidet i kontrollutvalet

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

VEDTAK

Melding 33: Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i valperioden 2007 - 2011

Kontrollutvalet ber om å få halde ein presentasjon for kommunestyret før sumaren 2012 om kontrollutvalet og arbeidet i kontrollutvalet.

Meldingane vart elles tekne til orientering.

45/11 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR

FORSLAG TIL VEDTAK

Særskilt ansvar for gjennomgang av framtidige møteprotokollar vert fordelt slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	
Formannskapet	
Utval for oppvekst, kultur og idrett	
Utval for helse og omsorg	
Utval for areal og samferdsel	

HANDSAMING I MØTET

Etter sams drøfting vart det gjort slikt samrøystes vedtak.

VEDTAK

Særskilt ansvar for gjennomgang av framtidige møteprotokollar vert fordelt slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Georg Lønning
Formannskapet	Terje Olav Nesse
Utval for oppvekst, kultur og idrett	Kåre Habbestad
Utval for helse og omsorg	Svanhild Vespestad
Utval for areal og samferdsel	John Kåre Torkelsen

46/11 SELSKAPSKONTROLL AV SUNNHORDLAND INTERKOMMUNALE MILJØVERK IKS – SIM – FORSLAG TIL PROSJEKTPLAN

HANDSAMING I MØTET

Det vert vist til melding 30/11 til dette møtet, ”Særutskrift frå sak 34/11 i kontrollutvalet 6.10.12 til dei andre eigarkommunane i Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (SIM).” Der går det fram dette:

- *Særutskrift i sak 31/11 frå kontrollutvalet i Tysnes kommune 21.11.11 vart presentert i møtet og det vart på bakgrunn av denne vedteke å sette selskapskontroll av SIM opp som eige sak til slutt, jf. sak 46/11*

Kontrollutvalet i Bømlo kommune gjorde i sak 34/11 i møte 6.10.11 slikt vedtak i høve denne saka:

1. *Kontrollutvalet i Bømlo ønskjer på bakgrunn av m.a. det som er kome fram i media, å gjennomføre selskapskontroll i Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS i 2012.*
2. *Det vert teke kontakt med dei andre eigarkommunane med førespurnad om å vera med på ein slik selskapskontroll*
3. *Kontrollutvalet i Bømlo kommune har ikkje innvendingar mot at den største eigarkommunen får hovudansvaret for gjennomføringa av selskapskontrollen.*

Av denne særutskrifta frå kontrollutvalet i Tysnes kommune går det fram at dei har gjort slikt vedtak

1. *Kontrollutvalet i Tysnes kommune ber om at det vert gjennomført selskapskontroll i Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS – SIM-konsernet.*
2. *Det skal sendast førespurnad til dei andre eigarkommunane om å samarbeida om gjennomføringa av ein slik selskapskontroll.*
3. *Den største eigarkommunen, Stord, vert oppmoda om å ta hovudansvaret for gjennomføringa av prosjektet.*

4. *Deloitte får i oppdrag å laga ein skisse til prosjektplan som bør leggjast fram i dei andre kontrollutvalsmøta til drøfting, medan kontrollutvalsmedlemmane i Tysnes får høve til å gje innspel pr. e-post. Når denne prosjektplanen har vore drøfta i alle kontrollutvala, vert det å gjennomføra eit telefonmøte med leiarane i dei respektive utvala, for å endeleg godkjenna den og setja i gong bestilling. Kontrollutvalsleiaren i Tysnes kommune har fullmakt til å vera med på å fatta vedtak i dette telefonmøtet, på vegne av "sitt kontrollutval".*

Tone Mari Dahle frå Deloitte presenterte på bakgrunn av dette ein skisse til ein prosjektplan og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Etter sams drøfting vart kontrollutvalet samrøystes einige om slikt vedtak.

VEDTAK

1. Kontrollutvalet godkjenner skisse til prosjektplan som er lagt fram med dei innspel som kom fram i møtet.
2. Kontrollutvalsleiaren i Bømlo kommune får fullmakt frå utvalet til å delta på eit telefonmøte saman med leiarane i kontrollutvala i dei andre eigarkommunane. I dette møtet skal endeleg prosjektplan vedtakast slik at Deloitte kan starte opp arbeidet så snart som råd er.
3. Den endelege prosjektplanen vert å leggje fram som orientering for kontrollutvalet i det neste møtet.

YMSE

Det kom ikkje fram noko under dette punktet.

Sonja Hellen Sele
Leiar

Roald Breistein
Sekretær